



Sakshandsamar: Dagny Alvik  
Telefon: 57 64 31 42  
E-post [fmsfdal@fylkesmannen.no](mailto:fmsfdal@fylkesmannen.no)

Vår dato  
31.05.2016

Vår referanse  
2005/1946  
Rapportnummer  
2016.051.I.FMSF

Avinor AS- Florø lufthamn  
[siv.merete.stadheim@avinor.no](mailto:siv.merete.stadheim@avinor.no)

## Tilsyn ved Florø lufthamn - krav om retting av avvik –gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetningspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også stadfesting av kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Johnny Kleppenes og Siv-Merete Stadheim	Frå miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen: Grete Haugan og Dagny Alvik
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerheitsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon	

### Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **2 avvik** frå ureiningsregelverket. Melding om retting av avvik må vere send til Fylkesmannen innan **01.07.2016**. Fylkesmannen ser alvorleg på at det enno ikkje er gjort tiltak på tankanlegget sjølv om dette skulle vore utbeta innan utgangen av 2015.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten. Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang på ein travel dag for verksemda.

Med helsing

Grete Haugan  
senioringeniør

Dagny Alvik  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift*

**1. Informasjon om verksemda:**

Stad (namn på anlegg): <b>Florø lufthamn</b>	Verksemdnr.: <b>874 719 862</b>
Ansvarleg verksemd: <b>Avinor AS</b>	Eigd av: <b>985 198 292</b>
Kontaktperson: <b>Siv-Merete Stadheim</b>	Anleggsnr. og anleggsaktivitet: 1401.0114.01
<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: <b>2010.214.T</b>
Risikoklasse: <b>3</b>	Gebysats etter § 39-6 i ureiningsforskrifta (jf. .utsleppsløyvet): <b>12 500,-</b>

**2. Om kontroll frå ureiningstilsynet**

Denne kontrollen er del av ein landsdekkande aksjon som er gjennomført av alle fylkesmenn i samarbeid med Miljødirektoratet. Alle kontrollane i aksjonen er gjennomført i mai 2016.

Kontrollen vart gjennomført for å granske om gjeldande krav fastsett i ureiningsforskrifta kapittel 18 som regulerer tanklagring av farlege kjemikalier og farleg avfall vert haldne.

I tillegg til ein rapport til kvar bedrift (dette dokumentet), vil Miljødirektoratet samle inn og oppsummere resultatane frå aksjonen.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

**Definisjonar**

<b>Avvik</b>	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
<b>Merknad</b>	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no) eller vist til frå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

**3. Oppfølging etter kontrollen**

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **01.07.2016** eller dato/ar for planar for gjennomføring. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det

ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

#### Orientering om tvangsmulkt

Det vil bli knytt varsel om tvangsmulkt til tidfristen de set for at nytt tankanlegg skal vere på plass. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndrivning av forfallen tvangsmulkt.

#### **4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve**

Vi viser til omtalen under kontrollen, og vedtak om utsleppsløyve datert 17.12.2010. Plasseringa av verksemda i risikoklasse 3 vil seie at verksemda etter gjeldande sats 3 i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 12 500,- til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

#### **5. Offentlegheit av rapport**

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

## 6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

---

**Avvik 1      Drivstofftankane og pumpehus for Jet A1 er for dårleg sikra mot ureining**

**Avvik frå:**      Utsleppsløyve datert 17.12.2010 og ureiningsforskrifta kap. 18 (tanklagring) § 18-5 og 18-6.

**Kommentarar:**

Det står to stk 50 000 l drivstofftankar og pumpehus ved flyoppstillingsplass. Desse er av eldre dato (frå 40-talet) og står på grusdekke med sluk under tanken. Dette er eit klart avvik frå krava til tanklagring. Det er BP Air (tidlegare Statoil) som eig og har vedlikehaldsansvar for tankane.

Det same avviket vart påpeikt ved førre tilsyn i 2013, og lufthamna meldte då at utbetringa av anlegget skulle vere på plass innan utgangen av 2015. Dette er enno ikkje gjort. Fylkesmannen ser alvorleg på at det enno ikkje er gjort tiltak.

Under tilsynet vart det orientert om planer om å etablere ny tankpark, og det er allereie opparbeida veg og område der tankane skal stå. Vi gjer merksam på at ved nyetablering av tankar vil kravet om oppsamlingsarrangement tre i kraft umiddelbart.

Det er viktig at lufthamna ryddar opp evt ureina grunn etter fjerning av dei eldre tankane og kabinettet. I tillegg må det gjerast tiltak som sikrar at det ikkje skjer ureining via røyrsystemet som ligg under taksebana.

---

**Avvik 2      Miljørisikovurderinga for tankanlegget må oppdaterast**

**Avvik frå:**      Ureiningsforskrifta kapittel 18 (Tanklagringsforskrifta) § 18 - 4

**Kommentarar:**

Florø lufthamn utførte ei miljørisikovurdering i 2009 der fleire faktorar rundt drivstofftankane og pumpehuset kom ut med høg risiko for ureining. Det vart også observert ureining av grunn, og teikn på at det hadde skjedd avrenning til overvassleidning som går til sjø.

Etter dialog med BP Air i etterkant av tilsynet kom det også fram at den risikovurderinga som har vore gjort på sjølve tankanlegget var utdatert, og at det ikkje er planar om å gjennomføre ny risikovurdering før nytt anlegg er på plass.

Det er viktig at det vert gjort oppdaterte risikovurderingar som gjeld situasjonen i dag. I påvente av utbetringar som kan ta fleire år, er det risiko for at ting kan skje som er skadelege for miljøet. Mellom anna burde sluken under tankanlegget vore fanga opp i avvikssystem og risikovurdert og deretter sett inn risikoreduserande tiltak. Det er også viktig at nedstenging av det gamle anlegget

med tilhøyrande røyrssystem vert risikovurdert. Det kom fram under tilsynet at gjeldane røyrssystem skal ligge igjen i bakken.

## 7. Andre tilhøve

- Dette vart ikkje eit fullverdig tilsyn i tanklagringsaksjonen sidan BP Air som eig og driftar tankanlegget ikkje var tilstade under tilsynet. Det er difor mellom anna ikkje kontrollert kva rutiner som finst for førebyggjande/frekvensstyrt inspeksjons- og vedlikehaldsprogram.
- Det vart under tilsynet snakka om kva krav som gjeld dersom dei nye tankane er dobbeltvegga. Meir informasjon om dette finn de i rettleiaren på s. 11.  
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2016/April-2016/Veiledning-til-Tankforskriften/>

Kopi per epost:

BP Air v/ Sverre Wennevold

Flora kommune v/Magne Åsen